



I 2008 gjekk toget om båthamna og campingplassen

**Dette året vil folketoget 17. mai gå via båthamna og campingplassen, opplysar leiar Ronny Lakselv i programkomiteen. Programmet er relativt tradisjonelt og vert som vanleg innleia med salutt klokka 7, Gudstenesta tek til klokka 11.15**

**Minnemarkeringa ved bautasteinen er klokka 12,30 og også i år les 5.klasse diktet av Olaf Agnar Gausvik og musikklaget spelar.**

Folketoget går klokka 12,45 og endar på Friluftsplassen 13,15 der Ronya Lakselv skal tale og skulemusikken spela. Etter minnemarkeringa går toget samla til skulen der leikar for born og vaksne startar klokka 14.

Ein halvtime seinare er det festprogram inne, mellom anna med tala for dagen av Mona Vetrhus, song av Røysterett for alle og musikk ved musikklaget.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen